

Eit interkommunalt samarbeidsorgan (kommunalt oppgåvefelleskap) for kommunane Giske, Fjord, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Vanylven, Ørsta og Ålesund.

Møteprotokoll

Styremøte 30. september 2020

Styremøtet vart halde fysisk i møtelokala til Sunnmøre friluftsråd på Eidsnes i Sula. Innkalling vart sendt ut medio august og saklista den 23.9.2020.

Frammøtte frå styret: 13 av 13 møtte.

Kommune:	Styremedlemmar:
Ålesund	Vebjørn Krogsæter - leiar
Fjord	Andreas Håvoll (møtte som vara for Eva Hove – nestleiar)
Giske	Jan Ove Skodje (ny)
Stranda	Jan Håkon Vikane (møtte som vara for Jostein Dalen)
Sula	Trygve Holm
Sykkylven	Trond Bonesmo (ny)
Ulstein	Berit Sandvik Skeide (ny)
Vanylven	John Willy Klungre (ny)
Vestnes	Skafti Helgason
Volda	Annlaug Stokke (møtte som vara for Ola Einang (ny))
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen
Ørsta	Karen Høydal
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes (ny)

Andre frammøtte: Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar
May Britt Haukås, rådgjevar og fagansvarleg for StikkUT!

Møtet starta klokka 18.

Før sakene vart behandla, ønskte styreleiar det nye styret velkomne. Styremedlemmane hadde ei presentasjonsrunde og det vart kort orientert om friluftsrådets formål, ansvar og tilsette. Relevante lenker om friluftsrådets formål og arbeid var sendt ut på førehand:

- [Om Sunnmøre friluftsråd på internettsida](#) og [arbeidsplan Sunnmøre friluftsråd 2020](#)
- [Samarbeidsavtale Sunnmøre friluftsråd \(er sendt kommunestyra for endeleg godkjenning\)](#)
- [Friluftsrådenes Landsforbund prinsippprogram 2020-24](#)

Sak 33/2020: Godkjenning innkalling, sakliste og referat styremøte, årsmøte

Vedlegg: Møtebok frå styremøte 2.7.2020 - [lenke](#) og referat frå årsmøtet 19.8.2020 - [lenke](#)

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend. Møteboka frå styremøte den 2.7.2020 vert godkjend.

Referatet frå årsmøtet 19.8.2020 vert godkjend.

Sak 34/2020: Orienteringar

Dagleg leiar/adm. orienterte kort om status, framdrift og evt. endringar i prosjektarb./drift:

- Status Drift Land:
Drift friluftsområde og toalett (det vert eiga sak om toalett i friluftsområde i neste styremøte), Stordal-Fokhaugstova bru, Stranda-Helsemrika gapahuk, søknad Gjensidigestiftelsen gapahuk Sula-Bolvika og Vestnes-Kråkvika, postvegen Ålesund(Sjøholt)-Vestnes, skisseplan Ålesund-Hundsvær/Tyskholmen (eiga sak)
- Status Skjergardstenesta:
Sommaraktivitet, status samarbeidsavtale, årsmelding (eiga sak)
- Status Prosjekt marin forsøpling:
Gjennomførte aksjonar av innhenting av marint søppel, revidert prosjekt grunna korona, aktiv deltaking i leinga av [TV-aksjonen 2020 i Ålesund kommune/MR fylke](#)
- Status Aktivitet:
Kajaknettverk, KomUT, naturlos, friluftssjukehus, naturmøteplass, turkort, innvandrarsprosjekt og leikepatruljen (eiga sak)
- Status Stikk UT!:
Stikk UT!, Stikk UT! Ski, Stikk UT! Vinter (eiga sak)
- Status personalsituasjonen og anna administrative forhold
- Andre dagsaktuelle orienteringar (høyringar, samlingar m.v.):
 - [Høyring reviderte planretningsliner for strandsonelova - høyringsfrist 1.12..](#)
 - Minner om nye kommunale forvaltningsplanar - fylkeskommunal frist 15.11.
 - Sande kommune kommunestyresak om medlemskap (interpellasjon) 30.6. - [lenke](#)
 - Status samarbeidsavtalen som er sendt til alle kommunestyra for vedtak. Det vert gitt ny status dei kommunale vedtaka i neste styremøte.

Samrøystes vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 35/2020: Leikepatruljen – status 2020 og vidare satsing 2021-22

Samrøystes vedtak:

Styret tek saka til orientering og ber friluftsrådet prioritere arbeidet med å finne ny finansieringskjelde til vidareføring og vidareutvikling av Leikepatruljen.

Sak 36/2020: Utvikling av friluftsområde på dei statleg sikra holmane Hundsvær/Tyskholmen i Ålesund k. – illustrasjonsplan utarbeida av Norconsult AS

Vedlegg: Illustrasjon frå Norconsult utkast 22.9.2020

Samrøystes vedtak:

Styret tek informasjonen om illustrasjonsplan for utvikling av friluftsområde på dei statleg sikra holmane i Ålesund kommune Hundsvær-Tyskholmen til førebels orientering.

Sak 37/2020: Status økonomi

Tre vedlegg: Resultatrekneskap aug. 2020, kontospesifikasjonar og kommentarar frå rekneskapsførar.

Samrøystes vedtak:

Styret tek status økonomi august 2020 til orientering.

Sak 38/2020: Sykkelstativ til alle statleg sikra område på Sunnmøre

Vedlegg: Oversikt over stadane for plassering av sykkelstativ, samt bilete av stativa.

Samrøystes vedtak:

Styret tek til orientering informasjonen om produksjon og utplassering av sykkelstativ i statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane til Sunnmøre friluftsråd.

Sak 39/2020: Årsmelding Skjergardstenesta

Vedlegg: Årsmelding Skjergardstenesta 2019 (godkjennast av driftsstyret).

Samrøystes vedtak:

Styret tek årsmelding Skjergardstenesta 2019 til førebels orientering.

Sak 40/2020: Stikk UT! Vinter 2020-21

Vedlegg: FNR prosjektplan Stikk UT! Vinter 2020-21

Samrøystes vedtak:

Styret vedtek at Sunnmøre friluftsråd skal delta i ein prøvesesong med Stikk UT! Vinter frå 15.12. 2020 - 2. påskedag 2021. Fokus skal vere på nær- og kystturar til fots, og det skal vere frivillig for medlemskommunane om dei vil delta. Prøvesesongen skal evaluerast før styret avgjer om prosjektet skal vidareførast neste år.

Sak 41/2020: Møtekalender styremøter hausten 2020

Samrøystes vedtak:

Styret vedtek følgande endringar i møteplanen:

- **Novembermøtet vert flytta frå 11. til 18.11.**
- **Desembermøtet 16.12. vert flytta til januar, konkret møtedato vert sett i neste styremøte.**

Møtet var slutt klokka 20.00.

Etter møtet fekk styret ei omvising i lokala og lageret vi leiger på Eidsneset i Sula.

Referent

Anne Berit Støyva Emblem - dagleg leiar

Lokale media får protokollen tilsendt (Sunnmørsposten, Vestnesavisa, Bygdebladet, Storfjordnytt, Øy-Blikk, Nordre, Nytt i Uka, Sulaposten, Sunnmøringen, Vikebladet, Møre og Møre-Nytt, NRK Møre og Romsdal, Sykkylvsbladet og Synste Møre)